

Rettleiing til «Sonekart for avløpsområde i Sveio kommune»

Sveio kommune i samarbeid med kommunane på Haugalandet har utarbeidd eit nytt sonekart for avløpsområde der det er nytta lik farge for lik resipient, f.eks. har god sjøresipient grøn farge i alle kart. Innanfor same fargekode kan det likevel vera ulike krav til anleggstype i dei einskilde kommunane. Kvar kommune har si eiga rettleiing for sonekartet.

Sveio kommune har teke utgangspunkt i dei avløpsområda som blei definert i samband med utarbeidinga av *Hovudplan avløp* i 1996. Dette er område som er godt innarbeidde både hos de i som søker om utsleppløyve og for sakshandsamaren i kommunen. Sonekartet gjeld både for etablering av nye avløpsanlegg og restaurering av eldre anlegg. Det kjem òg fram av kartet kvar det er kommunalt (offentleg) avløpsanlegg i kommunen.

I det nye sonekartet er det brukt følgjande fargekoding:

- god sjøresipient (grøn)
- dårleg sjøresipient (raud)
- tettbygde område med offentleg kloakk (brun)
- nedslagsfelt for drikkevatt (blå)

Utanom Vigdarvatnet er det ingen vatn som er definert som god eller dårleg resipient sidan det er mange vatn i kvar kommunen og ein såleis ville fått eit uoversiktleg kart. I Sveio kommune kan det godkjennast minireinseanlegg med etterpolering der det er aktuelt å nytta vatn som resipient. Sidan utslepp til vatn medfører større fare for oppblomstring av ulike alger og bakteriar vil Sveio kommune i minst mogleg grad godkjenna slike løysingar.

Sveio kommune er delt inn i følgjande avløpsområde:

- A = Viksefjorden
- B = Vigdarvatnet
- C = Rødspollen
- D = Mølstrevåg
- E = Sveio sentrum
- F = Bømlafjorden
- G = Førdespollen
- H = Valestrand/Tittelsnes
- I = Ålfjorden
- J = Våga/Fjon

Felles for alle avløpsområda:

Landbruksområde: Dersom anlegg blir lagt på dyrka jord eller innmarksbeite blir det automatisk krav om minireinseanlegg fordi landbruksareal blir rekna som følsame område.

Tett tank kan godkjennast dersom dette er einaste moglege løysinga.

Alle avløpsløysingar skal prosjekterast av personar med fagkompetanse innanfor fagområdet, og vanlegvis er det røyrleggjar- eller entreprenørverksemder som tek på seg slike oppdrag. I saker der det er aktuelt med infiltrasjon må det gjennomførast synketest for å sikra tilstrekkeleg infiltrasjonsevne for å unngå anlegg med potensiale for framtidig forureining.

Det skal søkjast om løyve til tiltak for å etablere eit avløpsanlegg. Dette blir i dei fleste tilfelle gjort av røyrleggjar- eller entreprenørverksemder, men tiltakshavar kan søkja om personleg ansvarsrett.

Dersom det blir bygd ut kommunalt (offentleg) avløpsanlegg er det krav om tilkopling.

Krav til avløpsanlegg i dei ulike områda:

Avløpsområde A – Viksefjorden

Viksefjorden er ein poll som har dårlege resipientforhold med dårleg utskifting av vatnet i fjorden. I dette område er det krav om minireinseanlegg med etterpolering.

Avløpsområde B – Vigdarvatnet

Vigdarvatnet har ulike krav til avløpsanlegg. Anten avløpsanlegget har direkte utslepp eller indirekte avrenning til Vigdarvatnet vil det vera krav om minireinseanlegg med etterpolering. Dersom det ikkje er direkte utslepp eller indirekte avrenning til Vigdarvatnet, og det kan dokumenterast god infiltrasjonsevne i området, kan det godkjennast slamavskiljar.

Avløpsområde C – Rødspollen

Rødspollen har ulike krav til avløpsanlegg. Anten avløpsanlegget har direkte utslepp eller indirekte avrenning til Rødspollen vil det vera krav om minireinseanlegg med etterpolering. Dersom det ikkje er direkte utslepp eller indirekte avrenning til Rødspollen, og det kan dokumenterast god infiltrasjonsevne i området, kan det godkjennast slamavskiljar.

Avløpsområde D – Mølstrevåg

Mølstrevåg er klassifisert som dårleg resipient grunna dårleg utskifting av vatnet i fjorden. Det har tidlegare vore sildoljefabrikk i Mølstrevågen, men denne blei lagt ned for fleire år sidan. Det var store utslepp frå fabrikk som la seg på sjøbotnen og som framleis gjer botnforholda mindre gode. Det er krav om minireinseanlegg i deler av området, medan det i område som ikkje er skravert raudt kan godkjennast slamavskiljar. Mellom Mølstrevåg og Eltravåg er det utbygd med kommunal (offentleg) avløpsleidning med krav om tilkopling for nye utslepp.

Avløpsområde E – Sveio sentrum

Sveio sentrum er utbygd med kommunalt (offentleg) avløp. Det blir ikkje gitt løyve til nye private avløpsanlegg i dette området. Eksisterande private avløpsanlegg som av ulike årsaker anten må utbetrast eller oppgraderast har krav om tilkopling til kommunal avløpsleidning. Nokre få stadar i utkantane av sentrumsområdet der det ikkje ligg til rette for tilkopling til offentleg avløp vil løyve til privat avløpsanlegg bli vurdert i kvart einskild tilfelle.

Avløpsområde F – Bømlafjorden

Bømlafjorden har krav om slamavskiljar, men minireinseanlegg kan godkjennast. Dette er ein resipient med god utskifting.

Avløpsområde G – Førdespollen

Førdespollen har krav om slamavskiljar, men minireinseanlegg kan godkjennast. Det er kommunalt anlegg i deler av området med krav om tilkopling både for nye avløpsanlegg og anlegg som skal utbetrast eller oppgraderast.

Avløpsområde H – Valestrand/Tittelsnes

Valestrand/Tittelsnes har krav om slamavskiljar, men minireinseanlegg kan godkjennast.

Avløpsområde I – Ålfjorden

Ålfjorden har ulike krav til avløpsanlegg innanfor området: Prøysen (Ervesvågen) har krav om minireinseanlegg med etterpolering. I dei andre områda kan det godkjennast slamavskiljar.

Avløpsområde J – Våga/Fjon

På Våga/Fjon kan det på grunn av stor konsentrasjon av private avløpsanlegg vera område som er spesielt utsette for opphoping av avløpsvatn som igjen fører til auka forureining i dette området. Det er ulike krav til avløpsanlegg innanfor området: Litle Vågen, Store Vågen, Nordre Kvalvågen og Søre Kvalvågen har krav om minireinseanlegg . I dei andre områda kan det godkjennast slamavskiljar.